

MØTEBOK BREMNES SOKNERÅD

Desse møtte: Marie Habbestad, Anne Berit Hope, Lene Nesse, Per Nygård, Odd Kåre Sakseid, Anne Lie Steinsbø, Asbjørn Gundersen, Berit Hallaråker og Iren Torget.

Møtestad: Svinten i Urangsvåg **Tid:** Tirsdag 12.06.2018.kl 19.00

Sak 05-01-18: Innkallinga vart godkjent

Sak 05-02-18: Godkjenning av møtebok 4 08.05.2018

Sak 05-03-18: Referatsaker: Møtebok 5 frå AU 22.05.2018

Sak 05-04-18: Orienteringssaker

- Komiteen for Jubileumsboka for Bremnes Kyrkje er godt igang. Dei hadde møte med bokmakar 12.06.2018.
- Anne Lie Steinsbø vil representera Soknerådet ved opning av 100års-jubileumet på Gilje bedehus. Ho tar med ei gåve frå Soknerådet.

Sak 05-05-18: Jubileumsveka 2019 – Innspel til temakveld/føredrag

- Soknerådet er oppmoda om å komma med forslag til temakveld/føredragshaldar til ein kveld i jubileumveka hausten 2019. Soknerådet kjem med forslag til tema: ***Strategi og framtid i Kyrkja***. Asbjørn Gundersen skal senda førespørsel til aktuelle føredragshaldarar.

Sak 05-06-18: Ynskje om fleire vikarar i kyrkja

- Det er kome oppmoding frå kyrkjeverje om ynskje om fleire vikarar i kyrkja. Det gjeld reinhaldar, klokkar og kyrkjetenar. Dette for å ha fleire tilgjengelege på liste til ferieavvikling og ved andre tilhøve. Soknerådet foreslår at kyrkjevertar og kyrkjetenarar ordnar dette innbyrdes. Soknerådet har to forslag til klokkar som blir vidareformidla til kyrjekontoret.

Sak 05-07-18: Kartleggjing av verdifulle gjenstandar

- Det er mange gjenstandar med affeksjonsverdi i kyrkja. For å gjera det enklare å redde ut lause gjenstandar ved ein eventuell brann, er det kome forslag om kartleggja desse gjenstandane med rangering og plassering i kyrkja. Berit Hallaraker sette opp ei liste etter innkomne forslag og vil ta den med til kyrjekontoret.

Sak 05-08-18: Innspel til vedlikehaldsbehov og investeringsynskje for Bremnes Kyrkje til 2019

- Soknerådet er oppmoda med å koma med innspel til vedlikehaldsbehov og investeringar til Bremnes Kyrkje til 2019. Soknerådet nemner oppussing og nye møblar til prestesakrestiet. Samt ny messehakel. Det er og behov for lagringsplass i kyrkja. Forslaga blir sendt til fellesrådet.

Sak 05-09-18: Forslag til møteplan for hausten 2018

- Soknerådet: 28.August, 25.September, 23.Oktober og 27.November.
- AU: 13.August, 10.September, 8.Oktober, 12.November.

Berit Hallaråker
leiar

Jarle Havn
Sekretær